



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppa
Fra: Vlfk v/ Avdelingsdirektør Infrastruktur og veg
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Beate Mæsel / [Fyll inn]
Vår dato: 03.01.2024

Sak 9/24 Planlegging fylkesveg i Bergen

Bakgrunn for notatet

Fylkeskommunen trekker planpotten ut av Miljøløftet frå og med 2025.

I juni 2023 fatta fylkestinget slikt vedtak i sak PS 63/2023 Regional transportplan - Investeringar -Rullering 2023 punkt 2:

«Fylkestinget legg til grunn at midlane til planlegging i Miljøløftet vert trekt ut av handlingsprogrammet for Miljøløftet, og blir inkludert i ein heilskapleg post for planlegging for tiltak på fylkesveg i Bergensområdet frå og med 2025».

Dette er innarbeid i samband med det fylkeskommunale langtidsbudsjettet og vert fylgt opp ved rulleringar av handlings- og investeringsprogram. Det generelle planbudsjettet har som følge av endringa, fått ei auke i ramma i høve tidlegare.

Kva ligg til grunn for vedtaket:

I det fylkeskommunale investeringsprogrammet står det:

«Det er i handlingsprogrammet for Miljøløftet 2024-2027 sett av ein eigen pott på 15,3 mill kr. årleg av dei fylkeskommunale midlane til å planlegge fylkesveg. Kva tiltak ein skal starte planlegging av vert gjort i eigen politisk sak, og det er fylkeskommunen som avgjer kva tiltak som skal planleggast. Frå 2025 rår fylkesdirektøren til at potten for planlegging vert trekt ut av handlingsprogrammet for Miljøløftet og inkludert i ein heilskapleg post for planlegging for tiltak på fylkesveg.

Dette rokkar ikkje ved den økonomiske forpliktelsen Vlfk har inn i Miljøløftet. I staden vert kostnader knytt til prosjektering og mva for fylkeskommunale tiltak med statleg tilskot prioritert opp. Dette er kostnader som til no er belasta fylkesvegbudsjettet utanfor Miljøløftet. Det vert peika på at det er svært uheldig at Staten ikkje dekker prosjekteringskostnader når dei løyver midler til prosjekt på fylkesveg og kommunal veg».

Det siste er presisert som vedtak i fylkestinget i sak om handlingsprogram i Miljøløftet (2024-2027), (PS 50/2023), punkt 2. «Fylkestinget ser det som svært uheldig at staten ikkje

dekker prosjekteringskostnader når dei løyver midlar til prosjekt på fylkesveg og kommunal veg».

Planlegging av tiltak som realiserast over Miljøløftet er forankra i FT sakene om handlingsprogram for Miljøløftet for 2023-2026 og 2024-2027, (PS 46/2022 og PS 50/2023): «...Kva tiltak ein skal starte planlegging av vert avgjort i eigen politisk sak, og det er fylkeskommunen som avgjer kva tiltak som skal planleggast».

I praksis betyr dette at fylkeskommunen inkluderer all planlegging på fylkesveg i heile fylket i éin politisk sak og ikkje i to saker som i dag. Dette fører til:

- Ein heilskapleg framstilling av planporteføljen for fylkesveg i fylkeskommunen
- Ei forenkling for fylkespolitikarane - synleggjere for politikarane at dei har same regi på å få fram nye plantiltak i Bergen som i andre kommunar
- Enklare og meir systematisk lik tilnærming for alle kommunar
- Ryddigare praksis i høve andre partar i Miljøløftet - Sjølve porteføljestyringa handterer realisering av tiltak på same måte som for statlege tiltak
- Det som takast inn mot Miljøløftet får ei meir logisk og reindyrka kopling til innsatsområda i tråd med byvekstavtalen
- Enklare, meir føreseieleg og oversiktleg ressursstyring

Merk:

- Fylkeskommunen står bak og følgjer opp dei økonomiske forpliktingane i byvekstavtalen.

I avtaleteksten for Byvekstavtalen er det fastsett eit fylkeskommunalt bidrag på 270 mill. 2020-kr. i årleg gjennomsnitt (329,6 mill. 2022-kr., basert på faste indekser). Bidraget skal i hovudsak gå til tiltak for kollektivtrafikk, sykling og gåing, men skal også kunna omfatta investeringar i bybanevogner, infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken, tiltak til driftsinfrastruktur for kollektivtrafikken, i tillegg til vedlikeholdstiltak med investeringskarakter på fylkesvegnettet i avtaleområdet.

- I Regional transportplan - Investeringar er det omtalt at fylkeskommunen óg vil nytte midlar ut over Miljøløftet til tiltak som ikkje fell inn under o-vekst i Bergen. Dette er omtalt i PS 42/2022 Regional transportplan 2022-2033- investeringar: «VLFK er ansvarleg for at fylkesvegnettet skal vere tenleg, trygt og effektivt, noko som kan innebere behov for nye investeringar i Bergen kommune. Det vil i arbeidet med rulleringar av handlingsprogrammet gjerast vurderingar av aktuelle prosjekt utanfor ramma til Miljøløftet»

Under følger konkrete spørsmål frå sekretariatet:

1. Korleis tek fylkeskommunen i vare planlegging av Miljøløftet-prosjekt etter at planpotten ikkje lenger er del av Miljøløftet-finansieringa?

Dette er omtalt over. Det generelle planbudsjettet har, som følgje av endringa, fått ei auke i ramma i høve tidlegare. Fylkeskommunen inkluderer all planlegging på fylkesveg i heile fylket i ei politisk sak.

2. Korleis er planprosessane i fylket knytt saman med prioriteringsprosessane til Miljøløftet (handlingsprogrammet)? (Kva for prioriteringar ligg til grunn for at fylkeskommunen set i gang planlegging av nye prosjekt?)

Fylkeskommunen skil ikkje på planlegging av prosjekt som realiserast over Miljøløftet og andre fylkeskommunale prosjekt. Det ligg til hovudutval for samferdsle og mobilitet å fordele løyvinga til planlegging. Løyvinga skal finansiere planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte prosjektering når dei ligg an til å få prosjektløyvinga. Direktøren er tydeleg på at det oppfattast som sentralt at planpotten sjåast i samanheng med tiltak det er ønskeleg å få realisert dei komande åra. Det vert derfor lagt til grunn at tiltak med mogelegheit for høg del ekstern finansiering eller tiltak som er prioriterte til realisering nærme i tid har størst fokus. Tiltak forankra i Regional transportplan - Investeringsprogram er førande for prioritering og Miljøløftet sitt handlingsprogram vert kopla/ spegla i dette.

Det er ei heilskapleg vurdering som ligg til grunn for at fylkeskommunen set i gang planlegging av nye prosjekt. Framdrifta i dei enkelte planprosessane er usikre og har i fleire tilfelle vore langdryge. Det er avgjerande med tett og god dialog med kommunane som planmynde for eit felles fokus på framdrift på tiltak som er viktige/ dei rette og at omfanget av portefølje vert vurdert mot kapasitet. Dette bygger opp under god ressursstyring og auka gjennomføringsevne for tiltak i komande års handlingsprogram. Dette er i tråd med vedtakspunkt 3 i fylkestingssak PS 50/ 2023 om Miljøløftet sitt handlingsprogram for perioden 2024-2027: *«Fylkestinget ber partane i Miljøløftet om å sette av tilstrekkeleg med planleggingsressursar til dei prosjekta som no er prioriterte handlingsprogramperioden»*. Fylkeskommunen nyttar aktiviteten i arbeidsgrupper, andre fora i Miljøløftet, bilateral kontakt med kommunane mm. som uformelle «innsjåingsarenaer».

3. Korleis blir det fylkeskommunale bidraget berekna, etter uttrekket av planpotten?
- Det er summen av rekneskapen per år som representerer det faktiske fylkeskommunale bidraget, ikkje budsjettet eller avsette midlar i handlingsprogrammet. (Fylkeskommunen overfører ikkje automatisk gitte løyvingar frå år til år). Det fylkeskommunale bidraget må sjåast i samanheng med rekneskap for avtaleperioden samla.
 - Plankostnader knytt til fylkesvegprosjekt som vert realisert med finansiering over Miljøløftet vert ikkje rekna med i det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet fom. 2025 (rekneskapen knytt til planlegging inngår fom. 2019 tom. 2024).
 - For hp 2025-2028 vil prosjektering og mva knytt til tiltak på fylkesveg reknast med i det fylkeskommunale bidraget.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tek saka til orientering.